

## › Rekneskapsmessig resultat

### Drift:

Økonomisk oversikt drift viser:			
Brutto driftsresultat		kr	40 585 738
Netto driftsresultat		kr	33 028 938
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk		kr	0

Rekneskapsmessig resultat for 2021 vert avslutta med eit netto driftsresultat på 33 mill. kr. Kommunelova § gir føringar for korleis dette skal disponerast slik at rekneskapsresultatet vert kr 0.

Dette skjer etter at pliktige strykningar ved rekneskapsavslutninga er gjennomført.

Det var budsjettert med overføring frå drift til investering med kr 1 400 000. I budsjettet for 2021 var det og lagt inn ei avsetning til disposisjonsfond på kr 4 096 476 og dekning av tidlegare års meirforbruk med kr 4 151 511.

### Investering:

Økonomisk oversikt investering for 2021 viser udekka / udisponert resultat = 0.

Finansieringsbehovet var kr 131 074 693, av dette er kr 110 827 513 finansiert ved lån, dvs. ein låneandel på 84,55 % og ein auke frå 2020 der låneandelen var 52,27%.